

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

79. ÅRG. / NR. 2 - 2024



Vår mann på Moster!  
Side 6

Vegen-sidene  
Side 8-11

Bilete av konfirmantane  
Side 12-13

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam  
Tlf 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)  
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Ekspedisjonstid:** Tys. og ons. kl. 11-14

**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stammes sokn  
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

**Trusopplærar Kristin Straume Normann**

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

**Organist Ruben S. Gjertsen**

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

**Organist Frode R. Vik**

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

**Vaktmeistar Ottar Dalseid**

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

**Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe**

Tlf 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

**GATEADRESSER:**

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sørdalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stammes kyrkje:** Gruvevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34



*Dei tilsette og sokneråda i kyrkjelydane  
i Vaksdal ynskjer dykk alle ein*

**GOD SOMMAR!**

*Unngå tørketid – kom til gudsteneste!*

**Fellesrådsleiar:**

Lars Patterson, tlf 91 88 78 25 /  
e-post: lars.patterson@vetlejord.com

**Soknerådsleiarar:**

Bergsdalen:	Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf 97 79 19 43
Dale:	Eli Leiren, tlf 99 32 53 53
Eksingedalen:	Kari Brørvik, tlf 99 48 59 18
Nesheim:	Gøril Kvinge Nesheim, tlf 93 05 46 36
Stammes:	Bjørn Stamnesfet, tlf 41 41 33 51
Vaksdal:	Tove Margrete Nordmark, tlf 99 64 23 17

**Den norske kyrkja si heimeside:** [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

**Bjørgvin bispedømme si heimeside:** [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

**KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:** Vaksdalposten

**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:** RKGrafisk, tlf 99 21 42 00

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: [kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal)

*Bilete på framsida: Fossegrimen sitt prosjektkor syng i Dale kyrkje  
6. juni, då det var konsert for fullsett kyrkje i samband med kantor  
Lars Ragnvaldsen sin 80-årsdag i sommar. Foto: Anna Ilnitska*

**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stammes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



**Stoff til neste nummer må vera kome  
inn til 20. august 2024.**



# Legg vinn på alt som godt er

**«Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det!»**

*Paulus sitt brev til Filipparane 4.8*

Paulus skriv brev til kyrkjelydane han har vore med å grunnleggja. Korleis det går med dei? Han tek opp vanskelege stridstema. Han åtvarer mot alt det som ikkje gagnar fellesskapen. Først og fremst oppmodar han dei til å halde fast på trua og det gode dei har lært. Dydane for eit godt liv, bed han dei streve etter og leve etter.

Ordet «dyd» har fått noko gammaldags over seg. Det som skulle vere fint og verdifullt, har fått mottsett forteikn når ein talar om eit «dydsmönster» og «eit gudsord frå landet». Slike ord og omgrep har fått over seg det å ikkje følgje med tida, leva ufrift og vere bundne av pietistiske reglar. Noko eit moderne opplyst menneske skal fri seg frå.

Eg trur mange av dei gamle dydane treng å reinvas-kast. Dei er ikkje der for å undertrykkje, men for å frigjere. Eit av dei viktigaste i vår tid er sanning. Det er så mykje løgn og halvsanningar som florerer rundt oss på nettet og i media, Kva er sanning? Kan me leve med fleire sanningar samstundes? Det har vore mantraet i postmodernismen. Men korleis kan me då i kyrkja fremja bodskapen at me trur på ein sann Gud, og at Jesus Kristus er sann Gud av sann Gud. Dersom alle sanningar vert relativiserte, då vil me leve i mørket. Jesus seier at han er ljøset for verda, og at sanninga skal gjere dykk frie.

Er det nokon gong me treng å frigjerast frå løgnarane sine maktmisbruk, er det no. Sanninga høyrer og saman med fred, rettferd og omsut for dei svakaste. Når Paulus då og i 1. Kor. 13.13 løfter fram tru, von og kjærleik, skriv han at størst av dei er kjærleiken. Det er fordi sann kjærleik ber i seg dydane om kva som er godt og rett. Då skapast det samhald og glede. Me høyrer til i den store familien som kryssar alle landegrense, språk, kulturar og raseskilje. Me bur på ein liten klode i eit stort univers. Me er avhengige av kvarandre, så driv me i staden og krigar og øydelegg livsgrunnlaget vårt.

Pave Frans skriv i sin nyaste bok «LIFE My Story Through History» om korleis han i alle sine møte med leiarane i verda, manar til fred og samhald. Han vart prestevigd i Argentina i 1969, same året som dei første menneska sette foten på månen. Det var ein historisk augneblink, der folk i alle land satt framfor TV-skjermen og fylgde med. Denne bragd samla oss på tvers av alle skiljelinjer, men det var noko anna samstundes. For første gong kunne mennesket sjå seg sjølv bokstaveleg utanfrå. Det gjorde oss audmjuke. Gud skaparen vart så mykje større. Me som i denne stund hadde gjort ein stor bragd som me kunne rosa oss av, vart vare kor små me eigentleg er.

Det me verkeleg har å rosa oss av, er kven me er i Gud, han som gav oss livet, og alle ressursane til å leva. Dette må me for alt i verda ikkje skusla bort. Vi må stå saman, dele og ikkje øydeleggje. Dette må verte ein dyd som på ny samlar verda på tvers av alle skiljelinjer.

**God sommar!  
Helsing Edvard Bø**

# UTEGUDSTENESTER I SOMMAR

## Skarvastølen (Bergsdalen)

60.552971, 5.998969

### Søndag 7. juli kl. 15.00

Stølsgudsteneste ved Skarvastølen, som ligg ved Bergsvatnet. Parkering ved betongbrua. Det tek om lag 15 min å gå.

Vert ikkje våret bra nok møtast me i lavvuen på Småbrekke. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

## Leiro (Eidsland)

60.736280, 5.845531

### Måndag 29. juli kl. 18.00

Olsokstemna på Leiro. Dette er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Saugefjøset på Myster. Vert ikkje våret bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

## Beinhelleren (Eksingedalen)

60.855905, 6.183390

### Søndag 11. august kl. 12.00

Utegudsteneste Det tek ca. 15 minutt å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbrå. Etter å ha køyrt over Trefall bru tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca. 3 km til Beinhelleren frå krysset ved bru. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett.

Vert ikkje våret bra nok møtast me i Nesheim kyrkje. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Magnar Nese (97 58 83 03).

## Messehagen (Dale)

60.588406, 5.820410

### Søndag 25. august kl. 12.00

#### FEST PÅ KJERKA

«Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. I gudstenesta vert og komande års konfirmawntar presenterte. Vert ikkje våret bra nok møtast me i kyrkja. Har du spørsmål kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

**Sjekk heimesida (kyrkja.no/vaksdal) og Facebook for oppdatert informasjon**

# Min salme

*Det er Ove Alvheim som har skrive om sin salme denne gongen. Han er frå Stanghelle, og var i fleire år kyrkjetenar på Dale. No bur han på Osterøy.*

Når eg høyrer eller les orda i fyrste verset tenker eg at ho som skreiv denne songen må ha hatt ei fantastisk oppleving av Gud, ei openberring av glede. Som at ho har fått noko som hjarta skjønar – men ikkje hjernen. Det er som å sitje ringside med ein person som har opplevd noko stort med Gud, og at det ho fortel kjem frå hjarta.

Og når du overgjev deg til Gud, når du gjev Han alt – ja, så vinn du alt. Du får del i eit æveleg liv som byrjar alt no: «Evighetsdagen herlig opprント».

Pappen min - Odd Alvheim - song ofte den songen for andre, på møter ved andakt 17. mai og tenning av julegran. Eg blei flau og syntes det var pinleg og vart lei den songen. Men etter som eg blei eldre skjøna eg at dette var ein viktig song for han – det vart hans song. Etter kvart når teksten slo rot i hjarta mitt er det blitt min og. Grunna på teksten så ser du og litt av det du har i Jesus.

## Salige vissitet

Norsk Salmebok nr. 490

T: Fanny Crosby 1873 O: Til norsk 1909

M: Phoebe Knapp 1873

1 Salige vissitet Jesus er min!  
Han er min hyrde kaller meg sin.  
Salige vissitet! Allting er vel.  
Jesus har kjøpt meg, legem og sjel!

#### Refreng:

Han er min glede, han er min sang,  
ham vil jeg prise livsdagen lang.  
Ham skal jeg evig love hos Gud,  
han er min brudgom jeg er hans brud

2 Allting jeg gav ham, allting jeg vant,  
evighetsdagen herlig opprント,  
himelen er åpen, engler fra Gud,  
bringer til jorden kjærighetens bud

#### Refreng

3 Nå kan jeg hvile fullkommen glad,  
veien er banet inn til Guds stad,  
hjertet er renset, skylden betalt,  
selv er jeg intet, Jesus mitt alt.

#### Refreng

**Ove har utfordra Asbjørn Lavik til å skrive  
«Min salme» til neste gang.**



**LES PETITS CHANTEURS DE SAINT ANDRÉ:** Fransk barnekor med medlemer i alderen 7 til 18 år.

## Dale får besøk av eit fransk barnekor i sommar!

Koret Les Petits Chanteurs de Saint André har 64 medlemar i alderen 7 til 18 år.

Songarane utviklar sitt potensielle ved ei krevjande musikalsk trening; dei øver to gonger i veka og opptrer jämleg i Frankrike og i utlandet. Sidan 1987 har koret sunge i 23 land. I sin omtale av seg sjølv skriv koret vidare:

- Koret er meir enn noko anna ein stad der borna vert utdanna. Takka vere synginga utviklar koristane ein smak for det vakre og for å arbeide godt, ein smak for å gjere ein innsats og å vere uthaldande, ein smak for det heilage og samstundes for teneste og å gje glede. Dei

freistar å leve ut eit ideal: Å så fred gjennom songen så vel som deira daglege liv. Dei ynskjer at konsertane deira skal vere eit bodskap om håp og ei oppmuntring for alle.

Koret syng både på fransk og engelsk, og syng songar av mellom andre Eric Clapton, Dietrich Buxtehude og Johan Pachelbel.

**Konserten er i Dale kyrkje fredag 12. juli kl.19.00. Informasjon om billettar m.m. vert publisert seinare.**

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

 **KIRKENES  
SOS**

Konsert i Dale kyrkje laurdag 21. september kl. 19.00

## TABULA RASA

Tabula Rasa er eit profesjonelt vokalensemble, og vart starta av Tord Kalvenes i 2017.



**TABULA RASA:** Tabula Rasa held konsert på Dale.

Foto: Zsigmond Zseni

Sidan mai 2019 har Arild Rohde vore musikalsk leiar. Ensemblet har som mål å fremja tidleg musikk og ny klassisk vokalmusikk, med fokus på norske komponistar. I konserten på Dale framfører dei bestillingsverket TID. Det er

komponert av Knut Vaage til vokalensemplet og Jostein Stalheim (akkordeon). Idéen til verket kom frå ensemplet, der det ofte vert jobba med konseptuelle produksjonar i skjeringspunktet mellom notert materiale og improvisasjon.



**ANDAKT:** Thor Olav har andakt på Daletunet. Ved pianoet Organist Frode Vik.

## Praksisstudent i Vaksdal

Thor Olav Gullbrå er for tida i praksis i Vaksdal to veker før sommarferien og to veker i haust.

Då skal han fylgje prestane i Vaksdal i deira arbeid. Han skal både observere og ha opp-gåver som andaktar og preik. Etter planen skal han

og vere litt med i konfirmanitarbeidet i haust.

Thor Olav er student på prestestudiet på NLA Høgskulen i Bergen. Han er gift med Hanna Gullbrå fra Gullbrå, og dei bur i Nesttun-området.

# Vår mann på Moster! Eller på Vaksdal, for å vere meir presis

I år feirar me tusenårs-jubileet for den såkalla Kristenretten.

Han var og ei regulering av kva samfunnet skulle halde for rett og gale, og hadde særleg mykje å seie for barn, kvinner og fattige. Me feirar og 750-årsjubileet for Landslova, som Magnus Lagabøter har fått æra for. Den store bragda er kan hende nett at lova vart motteken og akseptert både blant fattige og rike, av leiarane i Noreg og av dei som vart leia. Landslova vart ikkje til ut av inkje. Før den var skiven ned fanst det ulike lover ved ulike ting. Desse tinga kjenner med i dag som lagrettar. Til dømes Gulathing og Frostating. Det revolusjonerande ved landslova var at den evna å konsolidere lova, det vil seie samle og tydeleggjere ei felles lov for heile Noreg. Landslova vart delt opp i ulike delar, som omhandla ulike typar rett. Lova stadfester menneskeverdet; eit liv er ukrenkleig, heilagt. Samstundes infører lova reglar for odel og handel. Desse reglane førte til ei sams forståing av handel og eigedom, noko som bidrog til alminneleg lov og orden. Lova stadfestar òg at Noreg skal ha ein konge, ikkje to eller tre. Igjen bidrog dette til stabilitet.

Ein sentral person då desse jubilea vart feira på Moster fyrste helga i juni er Jørn Øyrelogen Sunde. Jørn skal vere kjent for dei fleste i Vaksdal gjennom arrangement og omtale i avisene. Han er jurist og retthistorikar frå Uskedalen i Kvinnherad, men har budd på Vaksdal i fleire år no. Jørn har hatt føredrag for Kyrkjemøtet om desse tema, og like eins for prestane og andre tilsette i Bjørgvin bispedøme. Og det er nok dekkjande å seie at han har reist – og framleis

reiser - land og strand rundt med desse foredrag.

Jørn har skrive boka *Kongen, lova og landet*, som kom ut i fjor. På Vaksdal var det bokbad 18. april i Vaksdal samfunnshus, der det mellom anna var samtale mellom Jørn og Elizabeth Gjessing.


29. mai samla Jørn om lag 100 tilhøyrarar i Vaksdal kyrkje, og snakka då om kor han snakka om kristenretten og Landslova – og ikkje minst om «Guds fire døtre». Finn gjerne fram førre nummer av Kyrkjebladet for Vaksdal for lese meir om dette, eller sjekk ut heimesidene til Bjørgvin bispedøme: kyrkja.no/bjorgvin

Jørn slepp ikkje unna ein liten prat med Kyrkjebladet i samband med desse jubilea:  
*Kor mange foredrag har du halde om desse tema i denne runden?*

Eg har hatt heile 75 føredrag om Kristenretten på Moster og Landslova av 1274 sidan januar. I tillegg har eg dei siste 10 åra hatt mellom 10 og 20 føredrag i året om desse lovene, så det byrjar å verta ganske mange.

*Og du byrja ikkje å bli lei?*  
Nei. Eg hadde vorte lei om det var same publikum kvar gong. Men kvart publikum får sitt føredrag som er noko annleis både i innhald og form. Det gjer at eg må tenkja gjennom ting på ny, og oppdagar noko nytt for kvart føredrag. Difor er det framleis moro.

*Kor ser du tydelegast spor etter Kristenretten og Landslova i Noreg i dag?*  
At vi over tid har handsama



**JURIST OG RETTHISTORIKAR:** Jørn Øyrelogen Sunde frå bokbadet på Vaksdal.

Foto: Linda Lien

våre medmenneske mindre og mindre etter deira funksjonalitet, og meir og meir etter deira menneskeverd. Det gjer at vi har betre ordningar for barn, dei funksjonshemma og dei eldre enn nokon gong.

*Har me mista noko på vegen – er det nokre av dei gamle lovane du saknar?*

For å sikra at alle vert handsama likt, er mykje omsorg i dag institusjonalisert. Det er bra. Men vi kan lett mista av synet at den viktigaste omsorga likevel alltid vil vera den vi gjev våre medmenneske. Dette er ei årsak til at einsemd har vorte eit stort samfunnsproblem.

Tekst/intervju:  
Frode Kvamsøe og  
Thor Olav Gullbrå



**ENGASJERT:** Ein engasjert føredragshaldar i Vaksdal kyrkje.



**SLUTT:** Stanghelle bedehus.



**GUDSTENESTE:** Siste gudsteneste, 25. februar.



**SISTE MØTE:** Stanghelle bedehus 8. mai 2024. Kilden syng.

## Slutt for Stanghelle bedehus

Stanghelle bedehus er mellom bygningane på Stanghelle som må vike plass for ny jernbane. Bane Nor har no teke over bedehuset, og det er no slutt på møteverksemd og gudstenester i bygningen.

Bedehuset vart vigsla og tekne i bruk i 1980, og er såleis

eit relativt nytt bedehus. Opp igjennom åra har det vore barnelag og søndagsskule der, like eins juletrefestar og basarar. Huset har og vore uteleid til festar og andre arrangement i privat regi, samt til konfirmanitarbeidet i Vaksdal. I mange år var det barnehage - Løvetanna barnehage - i fløyen der kjøk-

kenet var. Fotolaget hadde i mange år tilhald i den same fløyen, og kjellaren har vore uteleid til lager.

Men no er det altså slutt. Søndag 25. februar vart det halde gudsteneste for siste gong der, og det siste tradisjonelle bedehusmøtet var onsdag 8. mai. Då

var koret Kilden med og song. Møtet vart avslutta med kveldsmat, og fleire som var med der nytta høvet til å fortelje om sine minner frå bedehuset. Dale og Stanghelle indremisjon flyttar no all si møteverksemd til Dale bedehus, inkludert møta i bedehusforeininga.

## Konfirmantjubileum til hausten

### Stamnes

Har ikkje konfirmantjubileum i år.

### Dale

#### Søndag 6. oktober kl. 11.00

for årets 50- og 60-årskonfirmantar. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkomme i bedehuset etterpå.

### Vaksdal

#### Søndag 13. oktober kl. 11.00

for årets 50- og 60-årskonfirmantar. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkomme i bedehuset etterpå.

*Sokneråda sender innbyding til dei som står i kyrkjboka som konfirmantar dei aktuelle åra. Men då somme har byta etternamn sidan den gong, eller av andre grunnar er vanskelege å få tak i, er det ikkje sikkert ein når alle. Så ta kontakt med soknerådet (sjå s. 2) viss du saknar innbyding.*





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Vegen i Vaksdal på Facebook! 

## Gudsteneste på Skipshelleren



**SKIPSELLEREN:** Under helleren sit me tørt uansett ver.

## Baby- og småbornssong, knøttesong og generasjonssong

Me har også i vår hatt samlingar i Dale bedehus og Vaksdal kyrkje, med baby- og småbornssong for born 0-2 år på føremiddagen, og knøttesong for born 1-5 år på ettermiddagen. På Stamnes har me hatt baby- og småbornssong ein torsdag formiddag i månaden, i bedehuskjellaren. Det har vore fint å treffa både nye og kjende, og at kyrkjene kan vera ein møteplass for småborn og foreldra deira! Ekstra fine er kanskje samlingane med generasjonssong som me har hatt på Dalelunet og Vaksdal sjukeheim ein gong i månaden, det er kjekt å sjå kor mykje glede borna spreier til alle dei møter. Takk for i vår, til alle som har vore med!

## Borna sin påskedag i kyrkjene

Palmesundag inviterte me til Borna sin påskedag i Dale og Eksingedalen kyrkjer. Sjuåringar var spesielt inviterte, og alle andre var sjølv sagt velkomne også! Dei som var til stades fekk oppleva påskeforteljinga enkelt dramatisert ved at Edvard prest gjekk i rolle som Jesus (i kvar si kyrkje), og dei som var i kyrkja fekk også på sitt vis vera med på det som hende, om det var å vifte med palmegreiner på palmesundag, få føtene «vaska» på skjærtorsdag, eller koma med blomar til grava på påskedag. Etterpå fekk dei som villa laga seg sommarfuglar. Sommarfuglen er gjennom ulike stadie før den blir sommarfugl, og det kan vera eit symbol på det som hende med Jesus i påska.

Nyleg kom ein fin gjeng av årets åtteåringar til Vaksdal kyrkje for å bli tårnagentar. Fyrst måtte alle seia eit passord, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt – med eige fingeravtrykk sjølv sagt!

Med agentkort rundt halsen og ein egen agentbevegelse på plass, fekk agentane ulike oppdrag dei skulle løysa, og dei var både øvst i tårnet (der dei møtte Ottar kyrkjetenar), på orgellet der organist Ruben spelte til dei, og dei fekk prøvespela sjølv også, og på symboljakt rundt i kyrkjerommet.

Flaggermussuppa gjekk ned på høgkant, og sundagen song dei kjekke agentane tårnagentsongen av full hals!




**GENERASJONS-SONG:**  
Vakre menneske-møte på generasjonssong!

Foto: Maren Thorkildsen



**BORNA SIN PÅSKEDAG EKSINGEDELEN:**  
Den vakre kyrkja i Eksingedalen rigga til  
Borna sin påskeda.

## Etter skuletid og Onsdagsklubb i Vaksdal og Dale



**ONSDAGSKLUBB:** Forteljinga om Jesus (over) som stiller stormen blei illustrert på spennande vis på onsdagsklubben.

**ETTER SKULETID:** - Me et alltid (til venstre) varmt måltid på Etter skuletid, og denne gongen tok me tomatsuppa ute!

Kvar onsdag har me hatt Etter skuletid for 5.-7. trinn og Onsdagsklubb for 1.-4. trinn på vekselvis Dale og Vaksdal. Der blir me betre kjend, og har det kjekt ilag!



## KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

25. august (Dale) og 1. september (Vaksdal)

**6 år**

### Skulevegensamlingar

Me har fleire år hatt «skulevegensamlingar» som ein del av gudstenester der årets seksåringar har fått innbyding til gudstenester der dei har fått utdelt bøker. Dette prøver me oss på igjen i år, og ynskjer velkommen årets skulestartarar til gudstenester i dei lokale kyrkjene sine. Innbyding kjem når det nermar seg!

Onsdagar frå 28. august

**0-2 år**

### Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust er det baby- og småbornssong vekselvis på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker) på onsdagar kl.11.30-13.30. Me startar opp onsdag 28. august i Dale bedehus først, og heldt fram med samling i Vaksdal kyrkje onsdagen etterpå. Slik vil det rullera ut november, med unntak av pause i haustferieveka. Sjølve songstunda byrjar ca klokka 12, og før og etter er det prat, mat og leik. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane.



Onsdagar frå 28. august

**1-5 år**

### Knøttesong på Dale og Vaksdal

Knøttesong for born 1-5 år vert òg annakvar onsdag på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker), klokka 17-18. Me syng og leikar, og et litt etterpå. Me har drikke og frukt, ta gjerne med niste om de ynskjer å eta kvelds saman med oss. Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» (sjå qr-kode) for oppdatert informasjon om samlingane.



Onsdagar frå 28. august

**5.-7. trinn**

### Etter skuletid på Dale og Vaksdal

På onsdagar, rett etter at skulen er ferdig, 14-15, for borna på mellomtrinnet. Me tenkjer det mest som ein uformell møtestad etter skuletid, der borna får enkel varmmat (oftast pølse i brød) og kan spela spel eller gjera ulike hobbyaktivitetar, eller berre prata og slappa av om dei vil det. Som fleire andre samlingar vert det vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker) med unnatak av haustferieveka.

Onsdagar frå 28. august

**1.-4. trinn**

### Barnekor på Dale og Vaksdal

Me har til no hatt «Onsdagsklubb» for denne aldersgruppa på ettermiddagen, men ynskjer å erstatta denne samlinga med barnekor. Me har ikkje heilt setla korleis dette blir, så følg gjerne med på Facebooksida «Vegen i Vaksdal» (sjå qr-kode) der me vil leggja ut meir informasjon når me har det.



Torsdagar frå 5. september

**4+**

### Barnekor på Stamnes

Det er òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Dei brukar å ha korøving i Stamnes bedehus torsdagar kl 17-18, og startar opp 5.september. På koret syng me nye og kjende songar, me får vera med på ein andakt, og så leikar me til slutt! Interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info.

Ein torsdag i månaden frå 5. september

**0-4 år**

### Baby- og småbornssong på Stamnes

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-4 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein torsdag i månaden, desse datoane: 5. september, 3. oktober, 14. november og 5. desember. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta gjerne med niste 😊

Ein tysdag i månaden frå 10. september

### Generasjonssong på Vaksdal og Dale

I samarbeid med Vaksdal frivilligsentral arrangerer me Generasjonssong på sjukeheimane på Dale og Vaksdal ein tysdag i månaden. Her inviterer me dei yngste (ca 0-2 år) og eldste i kommunen til å koma saman til ei sanserik samling med tradisjonelle og nyare songar. Tidspunkt er 11-12 og datoar er: 10. september: Vaksdal, 8. oktober : Dale, 5. november: Vaksdal og 3. desember: Dale. Samlingane er i same etasje som hovudinngongen begge stadar. Frivilligsentralen lagar vaflar til alle som er med!

# KONFIRMAN<sup>†</sup> 2025

No er påmeldinga open for dei som byrjar på 9trinn til hausten og ynskjer å konfirmera seg i kyrkjene våre!

**Du melder deg på via heimesida vår innan 23.august: [kyrkja.no/vaksdal](http://kyrkja.no/vaksdal)**

Konfirmantopplegget startar med gudstenester der konfirmantane vert presenterte for kyrkjelyden sin dei påfølgande søndagane.

Sjå lista over gudstenester bak i Kyrkjebladet.

Me kickar i gong undervisninga med konfirmantleir i september, før det er undervisning i smågrupper annakvar veke rett etter skulen i oktober - mars.

Alle i aldersgruppa som er medlem i Den norske kyrkja får brev i posten om dette.

Ta kontakt med oss viss du ikkje får brevet men likevel vil vere konfirmant.

Vil du vita meir om konfirmantopplegget før du melder deg på har me eit **orienteringsmøte torsdag 22. august klokka 18-19 i Dale kyrkje**.

De kan og senda spørsmål til oss på mail: vegem. vaksdal@kyrkja.no. eller ringje Kyrkjekontoret på telefon 56 59 39 20.



## PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:  
 # Petersens Handleri  
 # Dale kyrkje  
 # Kyrkjekontoret  
 # [www.zeth.no](http://www.zeth.no)  
 Pris kr 380,-

### KONFIRMANT I VAKSDAL KYRKJE

**4. MAI:** Trusopplærar Kristin Straume Normann, Jon-André Hernandez, Holmquist og sokneprest Edvard Bø. Foto: Privat



### KONFIRMANTAR I BERGSDALEN KYRKJE

**19. MAI:** Frå venstre: Håkon Berge, sokneprest Frode Kvamsøe og Marius Pettersen. Foto: Janne Berge



### KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE

**12. MAI:** Framme, frå venstre. Trusopplærar Kristin Straume Normann, Tilde Vik-Kaland og sokneprest Edvard Bø. Bak, frå venstre: Mikael Gravdal, Salomon Straume Bah og Elias Hvidsten Hesjedal. Foto: Solfrid S. Bah





**KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 5. MAI:** Framme, frå venstre: Ådne Hauståker, Selma Audestad Sæterdal, Tiril Sæterdal, sokneprest Edvard Bø, trusopplærar Kristin Straume Normann, Signe Netland Magnussen, Nora Alexandra Simmenes Simbana. Bak frå venstre: Oline Krogsrud Brekke, Fillip Martin Gapo Solheim, Leon Sebastian Knutsen-Larsen, Glenn Severin Andersen Vinsrygg , Markus Andre Andersen Vinsrygg, Iben Stamneshagen Lekve, Mathias Walde Bjørsvik, Henrik Tveito Olsnes, Lucas Røseth Kolbeinsvik, Tobias Knutsen Molund, Mathias Ulveseth Herfindal, Sandra Nergård. Foto: Janne Berge



**KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 5. MAI:** Framme, frå venstre: Jenny Slettebø Wefring, Emma Marie Pedersen, Elise Vinje Hamre, sokneprest Frode Kvamsøe, Hedda Sigurdson Aschehoug, Maja Nummedal-Rolland og Mari Hesjedal-Johannessen. Bak, frå venstre: Bjørn Johan Leandro Myrlid-Flores, Tord Strøm Rødland, Alex Nottveit Kalvik, Isak Olsnes Soltvedt, Mathea Fauske Kjøndal, Leon Alexander Antonesen Boge, Alexander Laskowski Andersen og Sondre Berentsen Sandvik. Foto: Janne Berge



Tlf. 417 94 104  
E.post: tommy@tovielektro.no

# ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)

**ATLANTIS**  
**VVS & INTERIØR**  
Din lokale rørlegger i Vaksdal

**95 97 17 00**




**DALETEC**

**Sæterdal  
Elektro**

**Me leverer alt innan  
elektrikartenester.**

**Tlf. 565943 00**



**SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)



**Alt innan  
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739  
[post@falkangerbygg.no](mailto:post@falkangerbygg.no)



**IdéHUS**  
BYGGER PÅ GODE IDÉER

**Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus**  
[Sjå Idéhus.no](http://Sjå Idéhus.no)

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

**Vangen  
Elektriske**

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

**Tlf. 56 52 36 66 - [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)**



**Bergsdalstunet**

- Selskap
  - Levering av mat
  - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**



**Dáp**

**Døype barnet - eller bli døypt sjølv?**

Ver velkommen til dåp!  
Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20  
Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no  
Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam  
Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale  
Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidligere fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.

DEN NORSKE KIRKJA  
Kyrkjelydane i Vaksdal

*Vaksdal*

**BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ**  
- omsorg ved livets slutt -

**DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984**

**DØGNVAKT: 56 59 74 70**  
[WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO](http://WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO)

**AVD. VAKSDAL**  
ALLTID HERFOR  
*deg*

**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale gravferdsbyrå

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

**DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO**

**Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam**

## LIVETS GANG

### DØYPT

#### Dale

- 13.01 Linnea Skjerve (døypt på Stamnes)
- 21.04 Olai Faugstad Langeland
- 26.05 Fredrik Stasiuk Andersen (i Florø kyrkje)
- 09.06 Ameline Fotland-Hesjedal

#### Stamnes

- 03.12 Martin Ulveseth Stamnes
- 13.01 Linnea Skjerve

#### Vaksdal

- 19.05 Isabell Skånevik Vasstveit

### VIGDE

#### Dale

- 19.05 Silje Andreassen og Gunnar Århus
- 25.05 Vilde Ragnvaldsen og Sigve Myster Dyrvik

### DØDE

med kyrkeleg gravferd/bisetjing

#### Dale

- |       |                                |      |
|-------|--------------------------------|------|
| 01.04 | Solfrid Langhelle              | 1936 |
| 23.04 | Alf Magnar Holme               | 1949 |
| 24.04 | Aud Grethe T. Svensson         | 1945 |
| 01.05 | Aud Mehus                      | 1933 |
| 05.05 | Nora Johanne Hop Danielsen     | 1930 |
| 06.05 | Aslaug Hesjedal (i Bergsdalen) | 1928 |

#### Eidsland

- 01.05 Vigdis Brattebø Møster 1956

#### Nesheim


- 30.03 Bergit Gullbrå 1929
- 02.04 Arne Nesheim 1943

#### Stamnes

- 07.04 Sigrunn Samuelsen 1957
- 24.04 Lars Mikael Stamnes 1937

#### Vaksdal

- |       |                         |      |
|-------|-------------------------|------|
| 21.03 | Ester Langhelle         | 1936 |
| 24.03 | Kari Faugstad Hausvik   | 1949 |
| 28.04 | Astrid Johanne Amundsen | 1940 |
| 16.04 | Johannes Skulstad       | 1932 |
| 17.05 | Kåre Steinsbø           | 1945 |



**Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal  
Postboks 113, 5721 Dalekvam**

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Søndag 23. juni - 5. søndag i treeiningstida**  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.

Gudsteneste ved Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 30. juni - 6. søndag i treeiningstida**  
DALE KYRKJE kl. 18.00.  
Gudsteneste ved Bø. Nattverd.

Kyrkjekaffi frå kl. 17.00

**Søndag 7. juli - 7. søndag i treeiningstida**  
SKARVASTØLEN (i Bergsdalen) kl. 15.00.  
Stolsgudsteneste ved Bø.  
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

**Søndag 14. juli - 8. søndag i treeiningstida**  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.  
Gudsteneste ved Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Søndag 21. juli - 9. søndag i treeiningstida**  
STAMNES KYRKJE kl. 18.00.  
Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd.

**Søndag 28. juli - 10. søndag i treeiningstida**  
DALE KYRKJE kl. 11.00.  
Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Måndag 29. juli - Olsok**  
LEIRO (Eidsland) kl. 18.00. Olsokstemna ved Kvamsøe.  
Felles avgang frå Myster kl. 16.30.  
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

**Søndag 4. august - 11. søndag i treeiningstida**  
Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Søndag 11. august - 12. søndag i treeiningstida**  
BEINHELLEREN (Trefall) kl. 12.00.

Utegudsteneste ved Kvamsøe.  
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00.  
Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd.

**Søndag 18. august - 13. søndag i treeiningstida**  
EKSINGEDEALEN KYRKJE kl. 11.00.  
Gudsteneste ved Bø. Nattverd.

**Søndag 25. august - Vingardssøndagen**  
MESSEHAGEN (Dale) kl. 12.00.  
Fest på kjerka! Vegen-gudsteneste i samarbeid med  
Sjømannskyrkja, ved Kvamsøe og Øystese. Konfirmant-  
presentasjon og markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.  
STAMNES KYRKJE kl. 18.00.  
Gudsteneste ved Bø. Nattverd.

**Søndag 1. september - 15. søndag i treeiningstida**  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.  
Vegen-gudsteneste ved Bø og Normann. Nattverd. Konfirmant-  
presentasjon og markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.


**Søndag 8. september - 16. søndag i treeiningstida**  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00  
Bergsdalsstemna. Gudsteneste ved Kvamsøe.  
Nattverd. Kyrkjekaffi og samling i kyrkja etterpå.

**Søndag 15. september - 17. søndag i treeiningstida**  
DALE KYRKJE kl. 11.00.  
Gudsteneste ved Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.  
Gudsteneste ved Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi

Oppdaterte opplysningar fom gudstenestene finn du her:

Annonsar i lokalavisa same veka, på plakatar, på [kyrkja.no/vaksdal](http://kyrkja.no/vaksdal) og på [skjerikyrkja.no](http://skjerikyrkja.no)

**Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.**



**Gjør reisen til  
utlandet tryggere**



Last ned  
Sjømannskirkens  
nødnummer-app

Sjømannskirken